

Knallstart med Vassendgutane, 450 i låven

09.04.2009



Låvedans-sesongen 2009 på Dønhaug fekk ein knallstart med Vassendgutane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Låvedans-sesongen på Dønhaug fekk ikkje uventa ein knallstart - med Noregs mest populære danseband Vassendgutane. Det var utselt på førehand.
Magne Huglen kunne i natt opplysa at 450 hadde vore innom låven.
Men fleire festdeltakarar sa til uskedalen.no at sjølv om dei hadde ein stor kveld var det for fullt til å vera hundre prosent triveleg.

Mange har stilt spørsmålet: Kva er det eigentleg som gjer sunnmøringane (og ein frå Sotra) så populære? Bandet har hatt ein eventyrlig karriere sidan "gutane" starta på 1990-talet.

Det kan nok hevdast at dei ligg ein hestelengde eller to bak samanliknbare band musikalsk sett, til dømes hallingdølane Hellbillies.

Svaret er nok framfor alt at Vassendgutane er eit så framifrå godt danseband. Sjanger-namnet dei har sett på seg sjølv sit i denne samanhengen som ein innertiar: FEST-COUNTRY!

I dette begrepet kan ein også legga det ekte, norske - for ikkje å seia sunnmørske - preget. Det dei serverar er uforfalska eigenprodusert vare utan teikn til hermetikk og med gode tekstar. Slik set det dansende, norske publikum pris på.

At det også gjeld folk i alle aldrar kunne ein sjå på dansegolvet på Dønhaug onsdagskvelden. Her var aldersskildnaden stor.

Dette forklarar og kvifor meir enn 100.000 i fjor var på dans med Vassendgutane og kvifor det ferske albumet XO toppa VG-lista og selde over 80.000 eksemplar.

Det var også tydelig onsdagskvelden at bandet trivdes i og vart inspirert av atmosfæren i Dønhaug-låven. Det er ikkje for ingenting at det opnar sesongen her år etter år og sikkert skyv andre potensielle arrangørar nedover på lista.

Ellers var det grunn til å merke seg at Festidalen-leiinga spela ei sentral kontroll-rolle på Dønhaug denne kvelden. Det er positivt at dei to tyngste arrangørene i bygd samarbeidar på denne måten - til gjensidig glede og nytte. Dei lærer av kvarandre slik at arrangementa blir stadig meir profesjonelle.

Av Ola Matti Mathisen



Det rykker skikkeleg i dansefoten når Vassendgutane set igang. (Foto: Ola Matti Mathisen)